



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2018.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
54



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Vegard Gjerde
Visepres:	Bjørn Teigene
Sekretær:	Knut Strømsjordet
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem:	Oskar Grimstad
Ansv.red.:	Åge Nytun
Referent:	Johan Ole Brandal

Kulde.

Kong vinter har grepet meg med sin kalde hånd,
Den har brutal fjernet sommerens bånd.
Den har lagt sin frostrøyk over li og fjell,
Men det pulserende livet fortsetter lell.
Ut av menneskets munn ser jeg den varme damp,
Der de fortsetter livet og eksistensens harde kamp.
Borte er fuglenes glade sang,
mon tro om vinteren blir lang.
Men håld fast på troen at bak de harde kulde,
Kommer en ny vår, hvor liene igjen av blomster er fulle.
Da skal vi igjen pakke ut kroppen vår,
Å juble der i solen vi står.

Torgrír, E

Referat frå Rotarymøte 5. november.

Etter at presidenten hadde opna møtet med allsong og nokre korte meldingar, vart ordet gitt til dagens foredragshaldar; Harald Møller.

Harald vart tidligare i haust oppteken som nytt medlem i Hareid Rotaryklubb, og dette var såleis egoforedraget hans.

Harald fortalte gripande og ope om livet sitt, frå ein trygg og god barndom i Ørsta, og fram til i dag.

Foreldra til Harald var frå Gjersvika og Søbø, men dei valde å busette seg i Ørsta.

Far til Harald abeide på Grepa, som var ei stor industriverksemnd på den tid, og dei bygde hus i Grepalia. Oppveksten i Ørsta var aktiv, med fotball og ski som hovudinteresser, forutan skulegong og plikter i heimen.

Allereide då Harald var 17 år dødde faren, av hjartesvikt.

Dette var eit sjokk for familien som var tungt å bere, og det var lite hjelp å få på den tida.

Same året debuterte Harald på Ørsta sitt A-lag, i fotball.

Etterkvart vart han kjend med Torill Holstad frå Hareid, og i 1977 gifte dei seg.

Same året tok Harald til på ingeniør-utdanning i Ålesund, og då utdanninga var fullført flytta dei til Ulsteinvik, der Harald fekk arbeid ved dåverande Hatlø mekaniske verkstad.

Fotballen har fylt Harald gjennom heile livet, og han vart ein profilert Hareidsspelar og seinare trenar for både Hareid, Ørsta, Bergsøy med fleire, før han gav seg. Seinare fekk fotballen glede av arbeidet hans på det administrative plan, noko som framleis står ved lag.

I arbeidslivet viste Harald seg som ein dugande ingeniør og leiar, og han gjekk gradene i Hatlø, Ulstein, Vichers, Rolls Royce og Ulstein igjen, fram til salssjef og vise president.

Ærfaringa frå fotballen kom til god nytte også i yrkeslivet, og tre hovudprinsipp danna grunnlag for folosofien;

1. Kvalitet og aksept i organisasjonen.

2. Trivsel. Bry seg om kvarandre.

3. Vere ein synlig leiar.

I 2006 merka han at helsa ikkje var slik den hadde vore og og etter mange undersøkingar fekk han påvist blodkreft, av ukjent type.

Dette var i 2008, og sjukdomsbildet var svært alvorlig, med stipulert levetid på 2-3 år.

Etter omfattande undersøking og vurdering vart det i 2010 bestemt at det skulle gjennomførast ein analog stamselle transplantasjon, ved Haukeland sjukehus i Bergen. Broren var givar.

Dette vart ei vanskelig tid for Harald og hans nærmeste, der han var i isolat i 7-8 veker og var svært svekt av sjukdomen.

Han kom heim litt før jul det året, og smått om-senn kom kreftene tilbake, såpass at han prøvde seg i arbeid igjen i 2011.

Helseproblema viste seg etterkvart å vere så store at han i 2013 måtte gi seg i arbeidslivet, og innstille seg på eit liv utan arbeid.

Omstillingsdyktig som Harald er brukar han i dag tida til familien og diverse lagsarbeid, i den grad kreftene strekk til.

Han ser lyst på livet og er takksam for all hjelp å støtte han har fått frå sine nærmeste og andre, samt dyktige legar i helsevesenet.

Tilslutt viste han ein kortfilm som kona Torill hadde laga til 60 årsdagen hans, og heilt tilslutt i filmen vart den vakre songen «Yoy raise me up», avspelt.

Foredraget gjorde sterkt inntrykk på oss som var til stades.

Referat frå Rotarymøte 12. november.

Rotarymøtet var denne kvelden eit besøk på Melshornet Hotell på Hareid, der friskulen Vestavind planlegg oppstart av yrkes akademi, dvs vidaregåande skule.

Dei som står bak ingeniativet er Isilin Aske og Knut Strømsjordet.

Isilin Aske er kjent som daglig leiar av asylmottaket på Hareid, medan det var i drift, og Knut Strømsjordet er lærar ved Ulstein vidaregåande skule. (Knut er forøvrig også medlem av Hareid Rotaryklubb, og såleis godt kjend for oss i Rotary.)

Ideen til eit yrkesakademi har fått modne nokre månadar og konturande av dette byrjar å ta form.

Planen er å tilby lokale ungdomar, med forskjellig bakgrunn, eit atraktivt tilbod der dei kan trivast og utvikle seg.

Oppstart er førebels sett til 2020, med ca 35 årsverk og inntil 240 elevar.

Skulestad vil vere Melshornet Hotell, med innleige av andre lokale i den grad det trens og er ynskjeleg.

Det vil bli søkt om statstilskot på ca 32,5 millionar og søkeren vil gå til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Ideen om kulturhus i Hareid, som det blir arbeidd med i disse dagar, høver godt med planane til Vestavind ykesakademi.

Av dei ulike linjene som friskulen tenkjer seg er «Dans og drama» ei av dei, og ein ser såleis føre seg å leige lokale til dette på det nye kulturhuset på dagtid, noko som då vil vil styrke inntektsgrunnlaget til kulturhuset.

Mykje er framleis usikkert og krev meir gjennomarbeiding, men vi som var tilstades på presentasjonen vart oppglødde og motiverte av planane og ynskjer lykke til med det vidare arbeidet.



Referat frå Rotarymøte 19. november.

Den årevisse røyrafesten, 19. november, vart helden i klubblokalet til stor glede for alle som var til stades. Allereide i døra inn til lokalet ante vi kva vi hadde i vente, nemlig lokalt fiska røyfisk frå Snipsøyrvatnet i Hareid, fiska og stelt av rotary-medlemmer og steikt og servert av festkomiteen i Hareid rotaryklubb. Lokalet var fint pynta til fest og ei feststund blei det, med perfekt steikt røyfisk, mandelpotet, agurksalat og ein fortreffelig dressing, saman med god drikke og godt selskap å dele opplevelsen med. Vi takkar fiskarane og festkomiteen for ein rettelig festkveld.



Referat frå Rotarymøte 26. november.

Som tradisjonen er var månadens siste medlemsmøte programfritt.

Etter den faste allsongen og nokre få kunngjeringar, vart det god prat rundt borda og kameratskapet såg ut til å blomstre.

Kaffi og litt å bite og ein god prat med gode venner er sælebot på ein mandagskveld i slutten av november.